

---

Saksnr: 2020/75404-7  
Saksbehandlar: Matti Torgersen

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		25.05.2021
Fylkesutvalet		01.06.2021
Fylkestinget		

## Austevollpakke - Mogleg spleiselag mellom fylkeskommunen og Austevoll kommune

### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget er positiv til ei Austevollpakke som eit spleiselag mellom kommunen og fylkeskommunen, og rår til å gå i forhandlingar med Austevoll kommune om innretting, prosjektportefølje og økonomiske rammer.
2. Finansiering av ei Austevollpakke vil bli vurdert i budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025.

### Samandrag

Austevoll kommunestyre vedtok i 2016 å starte arbeidet med ei bompengepakke. I samband med dette utarbeida kommunen ei samferdselsutgreiing med moglege prosjekt som kan realiserast gjennom bompengepakka. I 2020 meldte kommunen at det ikkje lenger er aktuelt med ein bompengepakke for å utbetre fylkesvegnettet i kommunen, men at dei heller ønskjer å bruke midlar frå eit kommunalt havbrukfond i eit spleiselag med fylkeskommunen. Det er lagt til grunn ein planramme for 70 mill. kr. frå Austevoll og 70 mill. kr. frå fylkeskommunen.

Fylkesrådmannen er positiv til ein Austevollpakke, då det gir meir midlar til veg med stort behov for opprusting. Dei moglege prosjekta må kostnadsreknast nærare, og fylkeskommunen må gå i forhandlingar med kommunen om endelege rammer, prosjektportefølje og styring av pakka.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Dina Lefdal  
fylkesdirektør infrastruktur og veg

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskreven underskrift*

## Saksutgreiing

## Bakgrunn for saka

Hovudutval for samferdsel og mobilitet vart orientert 12. januar 2021 om ein mogleg Austevollpakke.(RS-sak 7/2021).

Bakgrunnen vart at Austevoll kommunestyre vedtok i 2016 å starte arbeidet med ei bompengepakke. I samband med dette utarbeida kommunen ei samferdselsutgreiing med moglege prosjekt som kan realiserast gjennom bompengepakka.

Austevoll kommune har i 2020 meldt at det ikkje lenger er aktuelt med ein bompengepakke for å utbetre fylkesvegnettet i kommunen, men at dei heller ønskjer å bruke midlar frå eit kommunalt havbrukfond i eit spleiselag med fylkeskommunen. Som planramme for ei slik mogleg pakke vart det lagt til grunn 70 mill. kr. frå Austevoll og 70 mill. kr. frå fylkeskommunen.

Fylkesrådmannen bad kommunen om å avklare kva for prosjekt som kommunen ønskja i ein Austevollpakke. På bakgrunn av dette handsama Austevoll kommunestyre sak om «Austevollpakken - Avtale med Vestland fylkeskommune» i møte den 25.02.2021, sak 014/21. Det vart gjort følgjande vedtak:

1. «Austevoll kommunestyre forpliktar seg å bidra med 70 millionar kr. til dekning av utbetring av fylkesvegprosjekt i Austevoll kommune. Tildeling i budsjett og økonomiplan skjer i desember 2021 for perioden 2022-2024.
2. Det er ein føresetnad for punkt 1 at Vestland fylkeskommune forpliktar seg til å bidra med 70 millionar kr. i same periode med budsjettvedtak desember 2021.
3. Partane legg til grunn at overskot frå bompengeprojekt Austevollsbrua (20 millionar kr) og statleg tilskot til sjømatvegar (10 millionar kr), kjem i tillegg til løyvingar i punkt 1 og 2.
4. Austevoll kommunestyre vil auke løyvinga med inntil 15 millionar kr. om det kjem tilsvarande beløp frå ulike tilskotsordningar som partane søker om støtte frå. Austevollpakken kan då få ei samla ramme på 200 millionar kr.
5. Austevoll kommune legg fram slik prioritering for gjennomføring av prosjekta:
  1. prioritet:
    - Storebøvegen - fv. 546
    - Bekkjarvik - fv. 546 og 5138
    - Torangsvåg - fv. 5142
  2. prioritet: Bjelland
  3. prioritet: Kollektivterminal
  4. prioritet: Eido
  5. prioritet: Samlepott for punktwise utbetringar
6. Austevoll kommune vil ta ansvar for koordineringsarbeid knytt til planarbeid som er naudsynt for å gjennomføre prosjekta.
7. Austevoll kommunestyre gir fullmakt til Austevoll formannskap å prioritere punktwise utbetringar i Austevollpakken.»

## Føringar for arbeidet

Fylkeskommunen sitt fokus for deltaking i Austevoll vil vere trygge vegar og betre kollektivtilbod (hovudsakleg skoleskyss). Dette går fram av vedlagte skriv frå fylket 3. desember 2020. Trygge vegar betyr:

- etablering av gang- og sykkelvegar, spesielt ved idrettsanlegg og skular
- redusere risiko for trafikkulykker
- breiddeutviding for å unngå standardsprang og tilgjengelegheit for tungtrafikk

Austevoll kommune har sett opp 8 punkt som tiltaka blir vurderte mot:

- trygg skuleveg for barn- og unge
- trafikkmengde
- nærleik til bygg og område som bidreg til trafikk av mjuke trafikantar
- nærleik til bygg og område som bidreg til tungtrafikk av harde trafikantar
- ulykker

- kvalitet på veg
- reguleringsplan og/eller forprosjekt
- byggarheit

### Aktuelle prosjekt

Kartet under viser dei aktuelle prosjekta.



Statens vegvesen utgreidde i 2019 kostnadene for alle dei nemnte prosjekta i kartet med unnatak av fv 5144 Eido. Det vart i denne utgreiinga ikkje vurdert andre prosjekt enn dei som er vist i kartet over og som er omtala under.

Det vart i Statens vegvesen sin rapport understreka at kostnadsoverslaga er usikre, venteleg  $\pm 25-40\%$ .

### Status og kostnader for prosjekta

#### Storebø terminal

Det ligg føre ein vedteken områdereguleringsplan for Storebø. Vestland fylkeskommune hadde eit varsel om motsegn til kollektivterminal som no er trekt. Dette gjer at arbeidet med kollektivterminal kan starte opp. Grunneigar har sagt opp avtale om leige av eksisterande areal for kollektivterminalen med verknad frå nov 2021. Ein kollektivterminal er viktig av omsyn til korrespondanse for ruteopplegget på Austevoll, og arbeidet med prosjektering av ny terminal vil starte i nær framtid. Det er same grunneigar både for eksisterande og for ny kollektivterminal. For tida pågår det forhandlingar om moglegheit for forlenging av eksisterande terminal og for grunnverv for ny terminal.

Terminalen vart av Statens vegvesen kalkulert til 7 mill. kr. i 2019.

#### Torangsvåg

Mjåsund bru ved Torangsvåg vart bygd i 1950 og er kritisk skadd. Det er lagt opp til planlagt vedlikehaldsarbeid på brua i 2022. Brua er i tillegg smal med krappe kurver på begge sider av brua

som gjer framkomst for store køyretøy utfordrande. Det er ikkje eit separat tilbod til mjuke trafikantar. Vegen på kvar side av brua er òg smal.

Det finst godkjent reguleringsplan for ny bru med tilførselsvegar over Torangsvåg med ny Mjåsund bru. Den regulerte traseen er kostnadsrekna til 70-75 mill. kr. (2019), og er vanskeleg å realisere sidan ny bru er regulert i same trasé som dagens bru. Det er vurdert ei alternativ løysing kor ny bru ligg noko lenger vest for dagens bru med mindre oppgradering av dagens vegar på kvar side av vågen. Ny løysing vart kalkulert til 38-40 mill. kr. (2019). Ny løysing krev omregulering av tiltaket.

### **Storebø-Eidsbøen**

Eksisterande veg Storebø - Eidsbøen er smal. Fleire stader er det vanskeleg for to køyretøy å møtast. Sideterrenget er i hovudsak dyrka mark, men fleire stader er det bratt kant utanfor vegen, som kan gi velt dersom eit køyretøy skulle hamne utanfor vegskuldra. Det er fleire kryss og avkøyrslar på strekninga.

Reguleringsplan er i arbeid, og det er Austevoll kommune som er tiltakshavar på vegne at Vestland fylkeskommune. Det er lagt opp til avgrensa utbetring og sanering av avkøyrslar, og avsett plass til separert gang- og sykkelveg på strekninga. Busshaldeplassar vert også planlagt utbetra. Første gongs høyring er forventa i 2021. Statens vegvesen kalkulerte kostnadene til 40 mill. kr. (2019), men det er grunn til å tru at prosjektet vert noko dyrare.

### **Vegstrekninga Bjelland - Haukanes**

Eksisterande veg på strekninga er særleg smal. I hovudsak er det eitt felt og møteplassar. Det finst ikkje separat tilbod til mjuke trafikantar. Delar av vegen nyttast til skuleungdom som ferdast mellom Bjelland og Fiskarfagskulen. Det er ein del tungtrafikk til og frå ferjeleie på Husavik.

Det vart i 2011 utarbeida eit skisseprosjekt for vegutbetring med to alternative løysingar; vegutviding eller ny veg i tunnel med innkorting av trase. Tunnelalternativet vart rekna til 185 mill. kr. mens utbetring av eksisterande veg vart rekna til 150 mill. kr. (2019-kroner).

Vestland fylkeskommune søkte og fekk tilsegn om midlar til utbetring av denne vegstrekninga gjennom ordninga Tilskot til fylkesvegar som er viktige for fiskeri og sjømat, jf sak i fylkesutvalet 29 september (PS- sak 190/2020). Det vart gitt tilsegn om 10 mill. kr. i statlege midlar. Fylkeskommunen si andel på 15 mill. kr er innarbeidd i budsjett for 2021. Det er lagt opp til punkttiltak med utviding av veg og møteplassar. Grunna at midlane må brukast innan november 2022, vert det gjort tiltak som ikkje krev reguleringsplan. Tiltak er under prosjektering.

### **Selbjørn bru - «Aisen»**

Eksisterande veg på strekninga er smal og det finst ikkje eit separat tilbod for mjuke trafikantar. I samband med reguleringsplan for eit bustadområde på Søndre Drivenes er det regulert utbetring av fv. 546 på strekninga frå Selbjørn bru til kryss mot Bekkjarvik ved butikk («Aisen»). Planen legg opp til utbetring av vegen til total breidde 6,5 m, og etablering av langsgåande G/S-veg med breidde 3 m, åtskilt med rekkverk. Det er og regulert inn tre busslommer.

Det er behov for ei justering av reguleringsplanen spesielt når det gjeld utforming og bruk av krysset ved butikken. Trafikksituasjonen er uklar og omsynet til mjuke trafikkar er ikkje godt nok vareteke. Det er ein del skuleborn som kryssar vegen. Kommunen ønskjer også å inkludere regulering av vegstykket frå krysset vidare vestover på fv. 546 forbi Fagerbakkevatnet i reguleringsplanen der det ikkje er tilbod til mjuke trafikantar.

Statens vegvesen vurderte kostnadene til 30 mill. kr (2019). Kostnadsoverslaget er meir usikkert enn det som er vanleg på reguleringsplannivå, grunna at det m.a. ikkje er gjort masseberekningar.

### **Eido**

Tiltaket går på breiddeutviding og siktrydding på ei kortare strekning på fv 5144. Kommunen har kalkulert kostnadene til saman til om lag 17 mill. kr. Det vil vere mogleg å berre gjere delar av tiltaka avhengig av økonomiske rammer for dette deltiltaket. Det kan gjerast tiltak utan reguleringsplan på strekninga.

### **Økonomiske rammer for ein Austevollpakke**

Fylkeskommunen har i brev datert 3. desember lagt til grunn ei ramme på i alt 140 mill. kr. inklusiv bruk av kommunalt havbruksfond på 70 mill. kr og fylkeskommunale midlar. Innan ramma for dei fylkeskommunale midlane ligg også dei statlege og fylkeskommunale midlane som er løyvde til ordninga fylkesvegar som er viktige for sjømatnæringa på til saman 25 mill. kr. Dei statlege midlane utgjorde 10 mill. kr. Dette vil gje ei samla ramme på 140 mill. kr. inklusiv 10 mill. kr. i statlege midlar til tiltaket.

Skjematisk kan dette setjast opp slik:

Fylkeskommunale midlar	60 mill. kr
Statlege sjømatmidlar	10 mill. kr
Kommunale midlar	70 mill. kr
<b>Totalt</b>	<b>140 mill. kr</b>

Som nemnt i vedtaket ovanfor, legg kommunen til grunn at dei 10 mill. kr. til statlege tilskot til fylkesvegar som er viktige for sjømatnæringa inngår. Dei føreslår også at midlar på om lag 20 mill. kr. frå bompenggeinnkrevjing på ferja Krokeide-Hufthamar inngår i Austevollpakken. Vidare at kommunen kan stille med ytterlegare 15 millionar kr. om det kjem tilsvarande beløp frå ulike tilskotsordningar som partane søker om støtte frå. Dei føreslår at dette kan gjerast ved at kommune og fylkeskommune forpliktar seg til å søkje aktivt på tilskotsordningar under vegs i pakken. Med dette vil det vere ein samla ramme på 170 mill. kr. til pakken om det ikkje lukkast å få midlar gjennom søknadsordningar, og 200 mill. kr. om det søkjast om midlar i denne storleiken.

Skjematisk kan dette setjast opp slik:

Fylkeskommunale midlar	70 mill. kr
Statlege sjømatmidlar	10 mill. kr
Kommunale midlar	70 mill.kr
Restmidlar bompenggeinnkrevjing	20 mill. kr
<b>Sum utan tilsegn på nye statlege tilskotsmidlar</b>	<b>170 mill. kr</b>
Søknad på statlege tilskotsordningar	15 mill. kr
Kommunalt bidrag til statlege tilskotsordningar	15 mill. kr
<b>Sum i tilfelle tilsegn på nye statlege tilskotsmidlar</b>	<b>200 mill. kr</b>

### Fylkesrådmannen sine vurderingar

Saka reiser prinsipielle spørsmål, då den fører til spleiselag mellom ein kommune og ein fylkeskommune. Vestland fylkeskommune har ikkje inngått avtale om tilsvarande spleiselag med andre kommunar før. Saka kan med dette skape presedens for tilsvarande spleiselag med andre kommunar. Slike spleiselag vil kunne vri prioriteringar i retning mot dei kommunane som har moglegheit til å gå inn i slike spleiselag i steden for til der behova er størst. Fylkesrådmannen meiner difor at slike spleiselag må avgrensast til tiltak der behovet for vegutbetring og betre trafikktryggleik er stort.

I høyringsutkastet til Regional transportplan 2022-2033 som går parallelt med denne saka, er det lagt opp til at fylkeskommunen skal vere positive til slike spleiselag, då det vil gje meir midlar til vegbygging.

Det er låg vegstandard for store delar av fylkesvegnettet i Austevoll, og fylkesrådmannen meiner difor at det er grunn til å inngå ein avtale med kommunen om utbetring av vegar på Austevoll. Alle dei aktuelle tiltaka er tiltak der det er store behov for utbetring, både for å sikre framkome for trafikken og for å betre trafikktryggleiken særleg for mjuke trafikantar. Fylkesrådmannen er difor positiv til å gå i ein dialog med Austevoll kommune om ei pakke med bruk av kommunale midlar og fylkeskommunale midlar.

Ved bompengepakkar har det vore vanleg med om lag 10 prosent fylkeskommunal finansiering, i tillegg til at mva- refusjonen vert tilbakeført til prosjekta. Det er grunn til å peike på at spleiselag med kommunale midlar gir mindre behov for å lånefinansiere prosjekt. Austevoll kommune har «pengar på bok», slik at for denne delen vil det ikkje påløpe finansieringskostnader. Det kan difor vere grunn til å dekkje ein høgare prosentsats enn det som er tilfelle ved bompengepakkar. Fylkesrådmannen legg til grunn at mva- refusjonen inngår i den fylkeskommunale delen av spleiselaget.

Fylkesrådmannen rår til at fylkeskommunen går inn i forhandlingar med Austevoll kommune om å utarbeide ein Austevollpakke.

Fylkesrådmannen er einig med Austevoll kommune i at det er naturleg at dei resterande midlar etter Austevollbrua på anslagsvis 20 mill. kr. inngår i ein Austevollpakke.

Austevoll kommune føreslår også å dekkje den fylkeskommunale eidedelen til nye statlege midlar. Det er i Nasjonal transportplan 2022-2033 føreslått ein auke i statleg tilskot til fylkesvegar. Det er p.t. ikkje avklare korleis denne ordninga blir, men det er lagt opp til ein fylkeskommunal medfinansiering på minst 50 prosent. Fylkesrådmannen finn framlegget til kommunen interessant, og vil vurdere dette i forhandlingar med Austevoll kommune når det er avklare korleis den statlege tilskotsordninga blir.

Fylkesrådmannen vil elles kome tilbake til midlar til ein Austevollpakke i budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025.

Det vil vere behov for å regulere og prosjektere prosjekt. Utbygginga må difor truleg gå over ein tidsperiode på 3 til 4 år.

Det er grunn til å tru at kostnadene kan bli høgare enn kalkulert i 2019, slik at fylkesrådmannen legg opp til å kome tilbake til prosjektportefølja etter at prosjekta er nærare kalkulert.

Fylkesrådmannen ønskjer særleg å prioritere kollektivterminal på Storebø, og ønskjer prioritere dette prosjektet i budsjettet for 2022 som ein del av ein Austevollpakke. Det vert arbeidd med å få betre kostnadsanslag for prosjekta Torangsvåg, Storebø - Eidsbøen og Selbjørn bru - Aisen. Når oppdaterte kostnadsanslag ligg føre, kan det vurderast både om alle prosjekta let seg realisere innanfor ein Austevollpakke, og prioriteringsrekkefølja på prosjekta.

Fylkesrådmannen konstaterer at det ikkje vil vere midlar til utbetring til tilrådd standard med løysing for mjuke trafikantar på vegstrekninga Bjelland- Haukanes. Dette prosjektet har også kommunen prioritert lågare enn dei fire prosjekta nemnt ovanfor, slik at fylkesrådmannen legg til grunn at det ikkje vert gjort utbetring på denne vegstrekninga ut over dei tiltaka som det er gitt støtte til gjennom ordninga Fylkesvegar som er viktige for næringstransport.

Om det vert midlar igjen i ein Austevollpakke, vil fylkesrådmannen rå til at det blir vurdert mindre tiltak ved Eido eller andre mindre tiltak, som t.d. utbetring av busshaldeplass ved Austevoll vidaregåande skule.

Det må etablerast eit styringssystem for ein Austevollpakke med reglar for porteføljestyring og risikodeling for prosjekta. Dette må vere ein del av forhandlingane med kommunen. Ettersom det må bli lagt opp til porteføljestyring, har partane valt å bruke omgrepet pakke. Dette heng saman med at Austevollpakken er tenkt styrt på tilsvarande måte som bompengepakkar.

Vedtakskompetanse

Saka er av prinsipiell karakter, og vert difor lagt til fylkestinget.

Vurderingar og verknader

#### **Økonomi:**

Det er lagt til grunn ein planramme for 70 mill. kr. frå Austevoll og 70 mill. kr. frå fylkeskommunen. Finansiering av ei Austevollpakke vil bli vurdert i budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025.

#### **Klima:**

Vegutbygging medfører klimagassutslepp. Tiltaka vil på sikt kunne redusere klimagassutslepp noko ved at trafikken kan gå utan bremsing og akslering, og ved at det blir betre forhold for gåande og syklende. Betre framkome kan bidra til å auke trafikken noko.

#### **Folkehelse:**

Ein Austevollpakke betrar trafikktryggleik og gjer betre forhold for gåande og syklende.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Ein Austevollpakke vil stø oppunder strategi 2.2 «Vestland skal sikre infrastruktur» og strategi 3.3 «Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester».

#### Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til å gå i forhandlingar med Austevoll kommune om ein Austevollpakke, og vil kome attende til saka i budsjett 2022 og økonomiplan for 2022-2025.